



## Austevoll kommune

Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep

0032 OSLO

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
13/2070-14/6/ANF	FE-		02.01.2014

### **Melding om vedtak Forslag om vidareutvikling av produksjonsbegrensingssystemet (MTB)**

Austevoll kommunestyre handsama ovannemnde sak i møte den 16.12.2013, sak 125/13. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

*Austevoll kommunestyre har vurdert høyringsbrevet frå Fiskeri- og Kystdepartementet og ynskjer med dette å støtta alternativet om innføring av rullerande gjennomsnittleg MTB.*

*Innføringa av PD-soner i Hordaland 1. januar 2005 har medført redusert konkurransekraft for mange oppdrettselskap i fylket. Dei 3 minste oppdrettsselskapa i Austevoll vart lokaliserte i kun 2 soner, haust oddetal og haust partal. Dette har ført til at desse aktørane berre kan setja ut smolt om hausten. Konsekvensen er dårleg utnytting av selskapa sin tildelte MTB. Desse oppdretta ligg opp mot MTB grensa berre i perioden desember-februar. Resten av året ligg dei langt under sin tildelte MTB. Å vera liten oppdrettar, og i tillegg berre vera representert i haustsoner kan vera konkurransevridande. Ordninga favoriserer selskap som er representerte i fleire soner.*

*Forslaget i høyringa om innføring av rullerande gjennomsnittleg MTB med 780 tonn som i dag (945 tonn i Troms og Finnmark), vil vera ei betre ordning. I motsetnad til tidlegare innførte ordningar, vil ingen produsentar oppleve reduksjon i produksjonen som følge av dette. Verken liten eller stor. Ein del mindre aktørar vil kunne ta att litt av den produksjonskapasiteten ein har mista ved innføringa av andre produksjonsregulerande tiltak. Denne auken vil vera moderat.*

*Me vonar Fiskeri- og Kystdepartementet ynskjer at det i framtida skal vere plass for mindre oppdrettarar, og gjev dei rammevilkår som tryggjer deira konkurransevne. Dette vil kunna skje ved å gå inn for alternativet om innføring av rullerande gjennomsnittleg MTB.*



## Austevoll kommune

Med helsing

Renate Møgster Klepsvik  
Ordfører